

Sesongslutt og sommar-satsing

19.04.2010



Hobbyklubben i bedehuset har runda av ein ny, aktiv sesong der det møtte fram over 30 i starten og der det aldri har vore færre enn 20 med på aktivitetane.

Også i denne sesongen har det vore gjennomført ein kampanje for meir refleksbruk og dei som har vore flinkast til å nytta refleksvest vart premierte under vårvslutninga i kveld..

Dei 4 flinkaste er på biletet over og dei er Kathrine Saghaug, Kjartan Tungesvik, Tone Helen Moen og Ingvill Ersland Myklebust.

Under står leiar av Hobbyklubben Tore Mathiesen bak eit firkløver som gjorde det skarpt i ei tippetevling under avslutninga: Kjartan Tungesvik, Marlin Bakke Eik, Frida Nybakk og Tone Helen Moen.

Men enno er ikkje sesongen over for avisgruppa, som er godt igang med sommarnummeret av Uskedalsposten. Også i dette nummeret vil det bli trykt bursdagshelsingar, denne gongen til dei som fyller år i juni og juli. Hvis du vil ha trykt ei helsing, bør du senda ein mail til britt.torill@gmail.com snarast!. Legg gjerne ved eit bilete!

(Foto: Ola Matti Mathisen)

